

Oddbjørn Leirvik:

## Islamsk teologi på universitetet

Kommentarartikkel i *Kirke og kultur* nr. 1: 2017, s. 3-5

---

I *Kirke og kultur* nr. 3: 2010 skreiv eg ein kommentarartikkel med overskrifta «Islamsk universitetsteologi?». Spørsmålet eg stilte, var korleis islamsk teologi kunne tenkjast å utvikle seg dersom den fekk plass innanfor dei sekulære, europeiske universiteta.

Bakgrunnen var mellom anna det tyske vitskapsrådet sitt forslag om å etablere nye sentra for det dei kalla «teologisk orienterte islamstudiar» ved tyske universitet. Initiativet har no materialisert seg i fem slik sentra, parallelt med dei protestantiske og katolske fakulteta ved dei same universiteta. I 2010 fekk også Det teologiske fakultet ved Universitetet i Oslo friske midlar frå universitetsleiinga til å utvikle nye studietilbod innanfor islamsk teologi, noko som mellom anna ha resultert i ei ny, fast stilling på området (fylt av ein dansk-bosnisk religionsfilosof). Tilsvarande initiativ i retning av å gjere dei tradisjonelt kristne teologiske fakulteta multireligiøse finn vi (for eksempel) i Amsterdam og Uppsala.

Dei nye utdanningstilboda, med tilhøyrande lærestolar, blir ikkje nødvendigvis omtalt som imamutdanning. Målgruppa er mykje vidare enn som så. I Tyskland (som har konfesjonsbunden religionsundervisning i skulen) nyttar mange dei nye studietilboda til religionslærerutdanning. Men vi ser også at unge muslimar med planar om å bli imamar brukar dei nye studietilboda som *element* i si imamutdanning – kanskje fordi dei ønskjer å vere ein del av eit vidare, akademiske fellesskap enn det imamskulane gir?

Korleis skal ein så karakterisere denne utviklinga, som for dei teologiske fakulteta sin del også gjer at stadig større delar av studentmassen er muslimar? Sjølv har eg lenge brukt uttrykket «islamsk universitetsteologi» om denne utviklinga. Uttrykket universitetsteologi har historisk sett blitt assosiert med den protestantiske (særleg den lutherske) teologien slik denne har blitt utvikla innanfor rammene av sekulære universitet i Nord-Europa.

Universitetsteologien blir gjerne assosiert med liberale verdiar og kritisk hermeneutikk, men det kanskje mest definerande trekket er samspelet med dei andre universitetsfaga og den opne samtalen med samfunnet omkring.

Universitetsteologien er også kjenneteikna ved ei konstruktiv samhandling med levande religion, noko som blir spegla ved at sekulære universitet i Nord-Europa tilbyr profesjonsstudiar i teologi og utdannar protestantiske prestar.

Universitetsteologien ville likevel ikkje vere universitetsteologi om den berre kommuniserte med kyrkja. Den amerikanske teologen David Tracy snakkar om teologien sine tre offentlegheiter: kyrkja, akademia og storsamfunnet. Universitetsteologien tener ikkje berre trusfellesskapet. Den står også i ein tverrfagleg samtale med resten av akademia – og den bidrar til den allmenne samtalen om livstolking, verdiar og etikk i den allmenne offentlegheita. Slik sett er det ikkje noko mindre enn *universitas* – det universelle fellesskapet – som er universitetsteologien sin (kanskje i overkant ambisiøse) horisont.

Kva så med den islamske universitetsteologien? Finst den i Nord-Europa? Som eg har gitt eksempel på, er den i alle fall i emning, institusjonelt sett. Den danske forskaren Birgitte Schepelern Johansen har undersøkt nyare forsøk på å etablere islamsk teologi ved europeiske universitet. Ho konstaterer at påfallande mange akademiske aktørar som no tilbyr ei islamsk teologiutdanning har valt ein strategi som ho meiner kan karakteriserast som «universell islam». Dette svarer godt til islamkjennaren Olivier Roy si forskning på korleis vestlege muslimar «formaterer» religionen sin slik at dei kan kome i ein konstruktiv samtale om tru, verdiar og etikk med andre europeiske borgarar. For dette formålet blir islam fråkopla partikulære, muslimske kulturar – og reformulert som ein universell, kulturoverskridande religion.

Kva har dette med universitetsteologi å gjere? Ganske mykje, trur eg, viss ein ser på teologien sin allmenne og *universitas*-orienterte karakter. Olivier Roy har vore mest opptatt av den konfronterande versjonen av universelt islam, i form av det han kallar nyfundamentalisme. Men Roy peikar også på framveksten av eit medkulturelt, humanistisk islam som skriv seg inn i allmenne, liberale diskursar i Vesten. Eit heimleg eksempel er antologien med tittelen *Islamsk humanisme* som eit knippe norske, reformorienterte muslimar (dei fleste av dei med tilknytning til akademia) gav ut i fjor. Boka tar til orde for ei tolking av den islamske arven som siktar mot «åpenhet for individualisme, ytringsfrihet,

kritisk tenkning og sekularisme». Eit tysk eksempel er den seinaste boka til Mouhanad Khorchide, leiaren for senteret for islamsk teologi ved Universitet i Münster, som ber den talande tittelen «Gud trur på menneska. Med islam fram mot ein ny humanisme».

Når ein forskar på framveksten av islamsk universitetsteologi er eitt av dei sentrale spørsmåla om det skjer nokre typiske forskuvingar i måten islam blir artikulert på – innanfor rammene av europeiske universitet. Dei nye sentra for islamsk teologi i Tyskland synest allereie å ha utvikla litt ulike profilar. Nokre legg mest vekt på å vidareutvikle dei klassiske islamske vitenskapane. Her står også den islam-spesifikke terminologien sentralt. Andre er vel så opptatt av å skrive seg inn i allmenne samfunnsdebattar, for eksempel om forholdet mellom religion og humanisme.

I eit større perspektiv kan ein spørje: Blir den islamske teologien – i form og innhald – meir allmenn når den blir forankra ved europeiske universitet? Skjer det ei forskuving frå tradisjonell koraneksegese til moderne koranhermeneutikk? Frå tradisjonell dogmatikk til kritisk religionsfilosofi? Blir tyngdepunktet flytta frå klassisk sharia til allmenn etikk? Og kan «humanisme» bli eit sentralt signalord også i islamsk universitetsteologi?

Forskingsmessig er det for tidleg å generalisere om dette. Truleg vil då også den islamske teologien ta ulike retningar – i Europa som i resten av verda. Eit av desse spora vil eg altså kalle islamsk universitetsteologi, som er karakterisert ved at teologien ikkje berre dyrkar partikulære tradisjonar men skriv seg inn i meir allmenne samtalar i samfunnet.

Meir overordna trur eg det handlar om den europeiske universitetsteologien si orientering mot det allmenne, fellesmenneskelege – og det flytande skiljet mellom det heilage og det sekulære i denne tradisjonen.

Det som i alle fall er tydeleg, er at mange muslimske intellektuelle no bokstaveleg talt skriv seg inn i den universitetsteologiske tradisjonen, og vil vere med på å utvikle denne. Nokre vil sjå disiplinerande trekk ved denne utviklinga, som i den tyske og nederlandske konteksten er mogeleggjort ved friske pengar frå styresmaktene. Olivier Roy ville nok heller kalle det «sjølv-formatering». Det er også mitt perspektiv, nemleg at dette er ei sjølvvald utvikling hos muslimske akademikarar som ønskjer å utvikle islam sin teologiske, filosofiske og etiske arv

innanfor ein sekulær universitetskontekst – i samtale både med resten av akademia, det muslimske trusfellesskapet, og storsamfunnet.